



Karstein Berge Nævdal
Reikeråsvegen 190
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13534 - 20/61100

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
29.09.2020

Retting av bygningsopplysningar i matrikkelen gbnr 27/6-Øvretveit

Viser til brev frå deg frå juli der du ber om at matrikkelen vert retta for våningshuset på eigedommen din. Våningshuset vart ei tid brukt som generasjonsbustad og vart nok på det tidspunktet endra til våningshus, tomannsbustad/vertikaldelt. Det vart då også tildelt ei ekstra adresse/ eige husnummer- noko som ikkje er rett då de berre er ei inngangsdør.

Saka er vurdert av byggesak som i internt notat dat. 16.09.20 seier at samanslåing av desse 2 registrerte bueiningane ikkje er søknadspliktig etter plan og bygningslova i dette tilfellet, og saka vart difor sendt til matrikkelavdelinga til vurdering/retting.

Bruken i dag er som våningshus, og sletting av den eine registrerte bueininga er ikkje eit søknadspliktig tiltak, då det er gjennomgang mellom bueiningane. Du opplyser også at du bruker heile huset sjølv og at bad og toalett som du brukar også ligg i dette tilbygget.

Bustadhuset på gbnr 27/6 vert difor retta til våningshus med 1 bueining, og adressa Reikeråsvegen 192 vert sletta.

Rettinga er utført i matrikkelen.

Vedlagt ligg matrikkelrapport for bygget som viser kva som er registrert på dette bygget no.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

27-6-våringshus

Mottakarar:

Karstein Berge Nævdal

Reikeråsvegen 190

5913

EIKANGERVÅG